

Møtereferat

Referent: Siri Ingvaldsen

Referat frå møte i Nynorsk forum 29.11.13

Stad: Lerum fabrikkar, Kaupanger

Deltakarar: sjå eiga oversikt til slutt

1 Velkomst ved Trine Lerum Hjellhaug

Trine Lerum Hjellhaug ynskte velkomen til Lerum Fabrikkar og fortalde om kvifor og korleis bedrifta nyttar nynorsk i kommunikasjon og marknadsføring.

Leiar Jan Olav Fretland opna møtet formelt og presenterte forumet og oppgåvene det skal ha. Medlemsinstitusjonane og –bedriftene er valde fordi dei er viktige når det gjeld bruk av nynorsk språk i ulike samanhengar. Målet er at alle deltakarane skal ha éi nynorsk-gladsak å rapportere om kvar gong forumet samlast.

Deltakarane presenterte seg deretter kort.

2 Næringslivet, utfordringar og gode løysingar

Jan Olav Fretland innleidde om saka. Butikkar og bedrifter synest å ha vorte meir bevisste på språk dei siste åra. Det er til dømes vesentleg betre nynorsk språk i reklame frå butikkane no enn det var for nokre år sidan.

Sissel Loen gjekk gjennom språkpolitikken til Alexandra Hotell. Hotellet nyttar nynorsk i all kommunikasjon. Alexandra har sjølv omsett programvare og personalhandbok til nynorsk.

NAV har fleire gonger vore utfordra til å arrangere nynorsk kurs av Alexandra. Hotellet har tilsette frå meir enn 20 land, og har engasjert eigen lærar i nynorsk språk.

KS har språkkurset «Ilt i bringa» som tek utgangspunkt i lokalt språk.

Oppsummering:

Forumet kan arbeide for å få fram leverandørar av informasjonstenester på nynorsk. Det er ynskeleg å finne aktuelle kompetansmiljø her i fylket.

3 Språkbruksplanen til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ingebjørg Erikstad orienterte om fylkeskommunen sin språkbruksplan, som vart vedteken i haust. Planen vart utarbeidd etter at ein rapport om språkbruk vart lagt fram i fylkestinget i juni 2012.

Planen har som føremål at fylkeskommunalt tilsette skal skrive forståeleg og rett, og planen gir dessutan ein del føringar om val av form. Målet er å utvikle eit felles språk i fylkeskommunen. Språkbruksplanen gjeld for den administrative delen av drifta. Alle avdelingar har ansvar for å følge opp planen. Fylkeskommunen vil også gå gjennom ein del malar og standardbrev for å samordne med føringane i planen.

Synspunkt frå deltakarane: Dette er eit verdifullt tiltak. Det ligg mykje i planen som kan vere til nytte og inspirasjon for andre institusjonar og bedrifter. Det vart stillt spørsmål ved om det er rett å vere så tydelege på val av infinitivform (e-infinitiv) og pronomener (vi istadenfor me)?

LNK har arbeidd med språkbruksplanar kringom i kommunane. Døme på planar ligg ute på nett. Ein del kommunar har teke dei i bruk, ofte i tillempa form.

Det kom framlegg om at fylkeskommunen kunne gjere utforminga av språkbruksplanen meir brukarvenleg.

Oppsummering:

Språkbruksplanen er eit verdifullt tiltak og planen er god. Det er viktig å spreie kunnskap om innhaldet og å sjå på om planen bør tilretteleggast betre i elektronisk form.

4 Ny regjering: Kva med nynorsken – i Sogn og Fjordane?

Vidar Høviskeland, LNK, innleidde. LNK har 123 medlemmer, primært kommunar, men òg fylkeskommunar og interkommunale samarbeid. Organisasjonen prioriterer arbeidet for ungdom. Dei har språkkurs som dei ser som særleg viktige for framandspråklege.

Regjeringserklæringa til den nye regjeringa seier ikkje så mykje om språk, men slår fast at begge målformer skal styrkast som hovudmål. Det har etter regjeringsskiftet ikkje kome signal om at det vert gjennomført endringar i mållova som gir meir valfridom når det gjeld offentleg tilsette sin rett til å bruke eiga målform, og det er sterke krefter i Høgre mot å ta bort karakteren i sidemål. Høviskeland viste dessutan til språkmeldinga «Mål og meining», som var utarbeidd av AP, SV og SP i førre stortingsperiode. Her står sidemålet sterkt.

Fleire peika på at kommunesamanslåingar kan svekkje nynorsken. Der mindre kommunar slår seg saman med ein stor bykommune, vil kommunen truleg velje bokmål som administrasjonsspråk.

Oppsummering:

Det er ikkje ei overvekt av faresignal etter regjeringsskiftet. Formuleringa i regjeringserklæringa om å styrkje begge målformer som hovudmål kan tolkast som ei oppmoding om å satse på nynorsk. Det ser ikkje ut til at det kjem ei dramatisk endring i språkpolitikken. Likevel er det viktig å bruke nynorsk i alle samanhengar og å oppmode kommunar, institusjonar og bedrifter om å velje nynorsk som målform. Kommunesamanslåingar kan vere ei utfordring. Nynorsk forum vil ta kontakt med Distriktsenteret i Sogndal for å drøfte korleis ein kan arbeide for å ta vare på nynorsk når kommunesamanslåingar vert førebudde.

5 Vidare arbeid i forumet

a) Rapport om arbeidet så langt

Jan Olav Fretland og Ingebjørg Erikstad orienterte om arbeidet dette første året. Det har vore gjort framstøyt mot butikkar og varehus i fylket for å fremje betre nynorsk. Fretland har hatt sete i det nasjonale Nynorsk forum. I samband med at tidlegare kulturminister Hadia Tajik inviterte til innspelseminar i høve Kulturutredningen 2014 i Førde, var det førebudd eit eige møte som skulle handle om nynorsk språk. Tajik hadde ikkje høve til å kome på grunn av sjukdom. Statssekretær og politisk rådgjevar møtte NRK Nynorsk Mediesenter.

b) Namnebyte til Nynorskfylket

Framlegget fekk tilslutning. Namnet blir Nynorskfylket – forum for styrking av nynorsk i Sogn og Fjordane. Domenenamnet nynorskfylket.no er sikra.

c) Invitere nye medlemmer?

Forumet diskuterte om fleire institusjonar og organisasjonar skulle inviterast til å vere medlemmer, til dømes Utdanningsforbundet, Vegvesenet, NAV, Difi og politiet. Det er NAV og politiet som oftast vert klaga for brot på mållova. Fleire peika på at forumet burde ha med ein ungdomsrepresentant. Som eit alternativ til fullt medlemskap kan det arrangerast fagdagar/temadagar med særskilt innbedne gjester.

Oppsummering:

Fretland og Erikstad får fullmakt til å invitere nye medlemmer dersom dei finn det tenleg, eventuelt å kalle inn til temadagar med spesielt inviterte bidragsytarar.

d) Konkurransen om å verte «nynorskhovudstaden» i fylket/landet?

Ideen vart drøfta. Det har mellom anna kome innspel frå ordførar i Førde kommune, Olve Grotle, om at kommunen ynskjer å verte ein profilert nynorsk kommune. Ei motforestilling mot ideen om ein konkurranse var at ein slik konkurranse kan kome i konflikt med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin pris til den beste nynorsk kommunen.

Ideen blir arbeidd vidare med.

e) I samband med at fylkesordføraren inviterer kunnskapsministeren eller kulturministeren til «nynorskdag» i fylket, vil forumet ha ei aktiv rolle som deltakar/bidragsytar. Eit tema er språk i utdanningsløpet.

Etterskrift frå Jan Olav Fretland:

Sjølv om forumet halla mot å velja kunnskapsministeren framfor kulturministeren, har me komme fram til at me satsar på kulturministeren, som jo har ansvar for at mållova blir etterlevd. Det har og samanheng med at det er eit ønske å få kunnskapsministeren hit for å syna fram utdanningssystemet vårt, som gjev av dei beste resultatata i landet.

Invitasjon er sendt kulturministeren. Foreslått tidspunkt i tidsrommet februar-april.

Møtedeltakarar Nynorsk forum i Sogn og Fjordane 29.11.13:

Sogn og Fjordane fylkeskommune:	Jan Olav Fretland (leiar) Ingebjørg Erikstad Siri Ingvaldsen
Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)	Vidar Høviskland
KS Sogn og Fjordane	Olav Lunden
Høgskulen i Sogn og Fjordane	Georg Arnestad
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gunnar O. Hæreid
Nynorsk Avissenter	Arve Sandal
Sparebanken Sogn og Fjordane	Gunn Aase Moldestad
LO Sogn og Fjordane	Siv Jorunn Hjellbrekke
Sogn og Fjordane Mållag	Torleik Stegane
Noregs Mållag	Marit Tennø
Lerum Fabrikker	Trine Lerum Hjellhaug
Alexandra Hotell	Sissel Loen
Meldt forfall:	
Nynorsk Mediesenter	Magni Øvrebotten
Sogn og Fjordane Teater	Terje Lyngstad
Utdanningsforbundet	
Nynorsk Kultursentrum	Ottar Grepstad
Firda	Yngve Årdal
NHO Sogn og Fjordane	